

Årsmelding A-laget sesongen 2013

Vi starta sesongoppkøyringa i januar månad. Gode treningsforhold og mange folk (ca. 16 – 18 stk) på trening, gjorde at vi hadde ein svært god treningsmånad. I slutten av månaden spelte vi ein treningskamp der vi slo Høyang 4 – 3. Laget vårt dominerte stort siste halvtimen av kampen og vann fortjent. I skifte jan/feb kom over 30 cm med snø. Etter nokre dagar med intens snømåking for hand, hadde A-laget rydda halve bana. Vi fekk deretter ei kort treningsveke, før det kom 7 - 8 cm til. Dette rakk vi ikkje å få rydda vekk, før det fraus. Bana var då frosa frå starten av februar til midten av april. Ho vart ikkje fri for snø før to dagar før første seriekamp. Dette gjorde sesongoppkøyringa vanskeleg. Vi nytta bana i Hyllestad ein del, men å vere vekke fire timar p.g.a. ei trening kontra to, gjorde at treningsoppmøte ikkje var så godt som i januar månad. Spelte i mars månad kamp mot AHIL som vi vann, og to kampar i påska mot Krabbetor og Høyang som vi tapte.

Første helga i mars deltok juniorane på KM i Måløy. Laget bestod av Einar, Ashab, Vegard U, Bendik, Nickolai, Henrik og Christopher. Laget vårt spelte god fotball kombinert med solid innsats. Av totalt 17 lag, så tok vi tredjelassen. Slo Vik 6 - 2 i bronsefinalen.

I midten av mars fekk vi beskjed om at Saga hadde trekt laget i 4.div. Dale fekk tilbod om å flytte frå 5. til 4.div, noko vi takka ja til. Vi var klar over at vi kom til å få det tøft, ettersom treningsplanane var lagt utifrå at vi skulle spele i 5.div. T.d. er det fritt innbyte i 5.div, noko som ikkje er tilfelle i 4.div.

Laget hadde ein tøff vårsesong. Vi svinga ein god del i prestasjonane. Stod med 9 poeng etter to singlar, tre uavgjort og seks tap. På slutten av vårsesongen kom også Idar med igjen på laget. Han runda for øvrig 400 obligatoriske seniorkampar i løpet av haustsesongen, noko som er ein stor prestasjon og klubbrekord. Spelarane trente godt i heile sommar. Stallen vart også styrka med to mann, då Ole Petter og Kees kom heim. Haustsesongen vart sportsleg sett mykje betre enn vårsesongen. Vi spelte mange gode kampar og slo blant anna to av topplaga heime (Skavøypoll og Førde 2). Tok 16 poeng, med fem singlar, eitt uavgjort og fem tap. Dette gjorde at vi ende på 25 poeng og 8.plass på tabellen. Sportsleg sett var sesongen ein suksess. I mars endra vi målsetninga frå opprykk i 5.div til å etablere oss i 4.div. Og med fire lag bak oss på tabellen, så klarte vi det.

Trenar i sesongen 2013 har vore Hugo Fretland, mens nokre av spelarane har vore med å gjeve råd, spesielt Eirik Systaddal.

På avslutningsfesten i desember vart keeper Håkon Thuland kåra som den mest framgangsrike spelaren av trenaren og som årets spelar av spelarane sjølve.

Tabellen 4.divisjon i Sogn og Fjordane sesongen 2013

PLASS	LAG	KAMP- ER	HJEMME				BORTE				TOTAL					POENG
			V	U	T	MÅL	V	U	T	MÅL	V	U	T	MÅL	DIFF	
1	Eid	22	5	4	2	27 - 17	10	0	1	40 - 13	15	4	3	67 - 30	37	49
2	Florø 2	22	9	0	2	46 - 10	6	1	4	24 - 22	15	1	6	70 - 32	38	46
3	Skavøy- poll	22	7	2	2	30 - 14	5	3	3	18 - 17	12	5	5	48 - 31	17	41
4	Førde 2	22	8	2	1	41 - 18	4	2	5	20 - 23	12	4	6	61 - 41	20	40
5	Fjøra	22	8	1	2	36 - 15	4	2	5	22 - 22	12	3	7	58 - 37	21	39
6	Sandane	22	6	1	4	32 - 19	6	1	4	27 - 23	12	2	8	59 - 42	17	38
7	Høyang	22	4	1	6	29 - 27	4	1	6	22 - 37	8	2	12	51 - 64	-13	26
8	Dale	22	4	2	5	16 - 26	3	2	6	22 - 31	7	4	11	38 - 57	-19	25
9	Sogndal 3	22	4	3	4	26 - 22	2	2	7	19 - 30	6	5	11	45 - 52	-7	23
10	Kaupang- er	22	4	0	7	22 - 26	2	4	5	20 - 28	6	4	12	42 - 54	-12	22
11	Jølster	22	3	3	5	14 - 26	1	1	9	13 - 44	4	4	14	27 - 70	-43	16
12	Bale- strand	22	3	1	7	14 - 35	0	1	10	8 - 43	3	2	17	22 - 78	-56	11